



Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet, rullert handlingsprogram 2023

Dokumentinformasjon:

Saksbehandlar: Jens Arne Gjørsvik	Arkivsak: 23/190
E-post: postmottak@alesund.kommune.no	Journalpost: 23/82484

Behandling:

Saksnummer:	Utval:	Dato:
020/23	Komite for kultur og medborgarskap	27.09.2023
141/23	Ålesund kommunestyre	19.10.2023

141/23 - Ålesund kommunestyre

Vedtak:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2023 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

Behandling:

Votering:

Tilrådinga frå komite for kultur og medborgarskap vart enstemmig vedtatt.

020/23 - Komite for kultur og medborgarskap

Tilråding:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2023 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

Behandling:

Votering:

Innstillinga vart samrøystes vedtatt.

Kommunedirektøren si innstilling:

Ålesund kommunestyre vedtek rullert handlingsprogram 2023 for idrett og fysisk aktivitet, slik det kjem fram i saka med vedlegg.

Saksgang:

- Nr. 5 Rehabilitering lysanlegg, Sparebanken Møre Arena – Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 6 Rehabilitering skiljeveggar, Sparebanken Møre Arena - Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 7 Revidering av o-kart Blindheimsfjellet – Emblem IL
- Nr. 9 Servicebygg med lager, garasje og toalett – Skodje IL
- Nr. 10 Lysanlegg, Aksla stadion – Ålesund kommune, miljø og samferdsel
- Nr. 11 Spjelkavik Arena, kampsporthall, Spjelkavik idrettspark – Møre og Romsdal fylkeskommune
- Nr. 13 Rehabilitering kunstgrasbane, SIF stadion – SIF/Hessa IL
- Nr. 14 Rehabilitering kunstgrasbane 2 – Blindheim IL
- Nr. 15 Rehabilitering kunstgrasbane, Hessa stadion – SIF/Hessa IL

Tatt ut av HPR nærmiljøanlegg, kortsiktig del grunna innvilga fult spelemideltilsegn:

- Nr. 1 Rehabilitering av tursti til Sukkertoppen, del 2
- Nr. 3 Aktivitetsområde 2, Flisnes skole - Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 4 Rehabilitering ballbinge, Hoffland – Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 5 Rehabilitering ballbinge, Vik skule – Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 6 Rehabilitering ballbinge, Stokke – Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 9, 10 og 11 BMX bane/pumptrack del 1, 2 og 3, Flisnes skole - Ålesund kommunale eigedom KF
- Nr. 12, 13 og 14 Skatepark del 1, 2 og 3 Flisnes skole - Ålesund kommunale eigedom KF

Grunn til avslag frå fylkeskommunen:

- Spjelkavik IL har fått avslag grunna mangelfull universell utforming (UU) i garderobar, «idrettshus – klubblokale og garderobar til baneanlegg, Spjelkavik idrettspark» Spelemiddelsøknad kan fornyast for 2024 om idrettslaget planlegg naudsynte utgreiingar/utbetringar i høve UU.
- SIT Studentsamskipnaden sin søknad «2 tiltak, Sundebygget, fleiraktivitetsal og styrketreningsrom» er formelt i orden, men avslag grunna ikkje meir midlar tilgjengeleg i fylket si tildelinga for 2023. Søknad lyt fornyast for 2024.
- Brattvåg IL anleggsutvikling AS sin søknad «Vatningsanlegg kunstgras, Brattvåg stadion» er formelt i orden, men avslag grunna ikkje meir midlar tilgjengeleg i fylket si tildelinga for 2023. Søknad lyt fornyast for 2024.
- Ålesund tennisklubb sin søknad «kjøp/innreiing tennishall» har fått avslag grunna mangelfull universell utforming (UU). Spelemiddelsøknad kan fornyast for 2024 om klubben planlegg naudsynte utgreiingar/utbetringar i høve UU.
- Øyrådet for Flemsøy/Skuløy, «rehabilitering av tursti del 1, 2 og 3 Bergedalen – Skulefjellfoten» har fått avslag grunna Øyrådet ikkje er tilskotsrettkomen søker. Byggeløyve må også på plass. Spelemiddelsøknad kan fornyast for 2024 med annan søkerorganisasjon og innfridd byggeløyve.

Anlegg som har fått tilsegn, men som skal ha ytterlegare midlar lyt sende inn gjentakande søknad for spelemiddelrunda 2024. Anlegg med ny søknad i spelemiddelrunda 2023, som ikkje fekk tilsegn lyt sende inn fornya søknad for spelemiddelrunda 2024. Sjå status for spelemiddelsøknadane i vedlegg «Rullering handlingsprogram 2023, forslag».

Den som søker kunnskap om sjølve spelemiddelordninga finn det på kommunen si [nettside](#).

Økonomiske / juridiske / andre driftsmessige og organisatoriske konsekvensar:

Rullering av handlingsprogrammet i seg sjølv utløyser ikkje økonomiske konsekvensar for kommunen. Tiltak som blir utført i kommunal regi, og enno ikkje har godkjent finansiering, lyt fremjast som eigne saker når tiltaka er tilstrekkeleg greidd ut.

Konklusjon med grunngiving:

Handlingsprogrammet i kommunedelplanen for idrett og fysisk aktivitet er eit omfattande dokument, med mange tiltak av ulik karakter. For å kunne gjere velgrunna prioriteringar ved tildeling av spelemidlar,

er ein avhengig av at handlingsprogrammet for idrett og fysisk aktivitet vert rullert årleg.

Rullert handlingsprogram for 2023 vert foreslått vedteke slik det kjem fram i saka med vedlegg.

Jon Steven Hasseldal
Kommunedirektør

Vedlegg:

1. Rullering handlingsprogram 2023, forslag
2. Samandrag høyringsuttaler, kommentert
3. Utfyllande informasjon om handlingsprogrammet
4. Vedteke handlingsprogram 2022